

Saksprotokoll i Kommunestyret - 17.06.2019

Inge Reidar Kallevåg (H) la fram eit nytt framlegg slik:

1. Bømlo kommune er ein desentralisert kommune med spredd busetnad. Bømlo kommune ynskjer å vidareføre ein slik strategi med liv i alle bygdene, slik at det og i framtida skal kunna tillatast for bustadbygging i heile kommunen.
2. Bømlo kommune meiner det er viktig med auka tilrettelegging av areal for småbåthamner og servicebygg slik at ein på sikt kan nå målsettinga om ein båt plass til alle Bømlingar som ynskjer det.
3. Bømlo kommune meiner at det og i framtida skal kunna tilretteleggast for bygging av fritidsbustader ved sjø, gjennom avsette områder i kommuneplanen sin arealdel og gjennom eigne reguleringsplanar.
4. Bømlo kommune ser det og som særst viktig med tilrettelegging av nytt næringsareal og at det i arbeidet med kommuneplanen sin arealdel må dette prioriterast. Dette gjeld både land og sjøbaserte næringar.
5. Bømlo kommunestyre foreslår difor at kommuneplanen sin samfunnsdel vert godkjent med følgjande endringar:
 - a) Punkt 2.3. Bustadpolitikk
5.avsnitt vert teke ut av planen.
 - b) Punkt 2.6. Kysten og strandsona.
3.avsnitt vert teke ut av planen
6. Kommunestyret ser det og som naturleg at denne samfunnsdelen av kommuneplanen vert lagt fram for politisk behandling av det nye kommunestyret , seinast våren 2020.

Kåre Spissøy (MDG) la fram eit endringsframlegg slik:

(s.168) kapittel 2.12 Friluftsområde og natur: i siste setning fyrste avsnitt : stryk ordet «såkalla» og ta bort hermeteikn kring «viktige naturtypar»

Lars Kåre Katla (PDK) la fram eit endringsframlegg slik:

Side 34, 4. avsnitt, etter første punktum: «fossile motorar vil bli fasa ut i planperioden» strykes. Setningen etter komma blir stående.

Unni Seim (SV) la fram to endringsframlegg slik:

Framlegg ein

1. Hovudpunkt 2. Kystkommunen – avsnitt 2.7 Landbruk 4. avsnitt: Viss matjord må flyttast, pga særleg viktige samfunnsoppgåver, må det gjerast av personar med rett kompetanse, frå planleggjar til maskinkøyrar. Når dyrka mark vert fjerna, må målet vera nydyrking av minst dobbelt så stort areal.
2. Hovudpunkt 4. Rusta for livet – avsnitt 4.7
Nytt kulepunkt: Lovpålagde tenester skal vera i kommunal regi.

3. Hovudpunkt 6. Demokratiutvikling. Avsnitt 6.1 kommunestyret og dei andre folkevalde. Nytt avsnitt to: BVA og BKE skal først tilbake til kommunal drift. Dette vil gje betre politisk styring.

Framlegg to

1. I KPS under hovudpunkt 5 (s. 3) sosialt og inkluderande. FN sitt berekraftmål nr. 5 – likestilling mellom kjønna.
2. Etter andre avsnitt: Kvinner er i langt større grad utsette for vald i nære relasjonar. Her er det trong for eit stort arbeid med førebygging.

John Bjørn Mikalsen (AP) la fram eit endringsframlegg slik:

Det er sterk samanheng mellom omgjevnadane og helse. Difor er det nødvendig med ein bevisst og strategisk bruk av arkitektur, utforming og design. Universell utforming (UU) er ein del av dette. Her ligg mykje helsegevinstar og dette arbeidet skal bli mykje meir integrert og fremja i planlegginga framover. Dei tre mogleighetsstudia for Svortland sentrum, Mosterhamn og Langevåg peikar på mange gode moment som må bli tatt med vidare i utviklingsarbeidet og KPA. Me må utarbeide ulike føringar og/eller strategi/temaplanar for sentrums kvalitetar, fortetting osv.

Byggeskikk må også få ein sterkare plass i planarbeidet og utforming av nærmiljøet.

Votering:

Framlegget frå Kåre Spissøy (MDG) vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå Lars Kåre Katla (PDK) vart med 8 røyster ikkje vedteke. (5 H, 2 FRP, 1 PDK)

Punktvis røysting over første framlegget frå Unni Seim (SV).

Punkt 1 vart med to røyster ikkje vedteke (1 SV og 1 MDG)

Punkt 2 vart med ei røyst ikkje vedteke (1 SV)

Punkt 3 vart med ei røyst ikkje vedteke (1 SV)

Det andre framlegget frå Unni Seim (SV) vart samrøystes vedteke.

Framlegget frå John Bjørn Mikalsen (AP) vart samrøystes vedteke.

Punktvis røysting over framlegget frå Inge Reidar Kallevåg (H).

Punkt 1 til 4 vart med kvar sine 10 røyster ikkje vedtekne. (5 H, 2 FRP, 2 SP, 1 PDK)

Punkt 5 og 6 vart med kvar sine 8 røyster ikkje vedtekne. (5 H, 2 FRP, 1 PDK)

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedteken.

Vedtak:

Kommunestyret gjorde slikt **vedtak**:

Kommunestyret vedtek kommuneplandokument #Bømlo2049- «Kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) 2019 – 2049» slik dette ligg føre i vedlegg til saka med følgjande endringar:

- Det bør leggjast inn høveleg areal til gravplass i arealdelen
- Endre på s. 16: (2.7)
Endra setningen: «*Produktiv matjord må ikkje bli nytta til andre føremål*»
til
«Ved utbyggingsprosjekt bør ein unngå nedbygging av matjord , men der matjord og beiter vert råka, må tilsvarande areal erstattast med ny matjord til same grunneigar»
- s. 47. I kartet med områdene over Moster er ringen med bedehus, kyrkje, skule osv teikna for langt nord
- S.35 i dokumentet. Endre setningen som byrjar med «Sjølv om sekulariseringa av samfunnet vil halde fram....» til «Bruken av krykja, frikyrkjer og bedehus på Bømlo står framleis sterkt»

Og legge til etter den setningen eit nytt avsnitt:

«Desse institusjonane generer mange kulturaktivitetar som kor- og konsertverksemd, trusopplæringsarbeid retta mot barn og unge, ungdomskveldar og idretts/aktivitetsgrupper. Det er mange diakonale tiltak som set fokus på enkeltmenneske og vanskelegstilte grupper i samfunnet vårt. Mykje av dette skjer på frivillig basis. Aktivitetane er viktige i nærmiljøa og kommunen ønskjer å samarbeide godt med kyrkje og bedehus»

- (s.168) kapittel 2.12 Friluftsområde og natur: i siste setning fyrste avsnitt : stryk ordet «såkalla» og ta bort hermeteikn kring «viktige naturtypar»
- I KPS under hovudpunkt 5 (s. 3) sosialt og inkluderande.
FN sitt berekraftmål nr. 5 – likestilling mellom kjønna.
- Etter andre avsnitt:
Kvinner er i langt større grad utsette for vald i nære relasjonar. Her er det trong for eit stort arbeid med førebygging.
- Det er sterk samanheng mellom omgjevnadane og helse. Difor er det nødvendig med ein bevisst og strategisk bruk av arkitektur, utforming og design. Universell utforming (UU) er ein del av dette. Her ligg mykje helsegevinstar og dette arbeidet skal bli mykje meir integrert og fremja i planlegginga framover. Dei tre moglegheitsstudia for Svortland sentrum, Mosterhamn og Langevåg peikar på mange gode moment som må bli tatt med vidare i utviklingsarbeidet og

KPA. Me må utarbeide ulike føringar og/eller strategi/temaplanar for sentrumskvalitetar, fortetting osv.

- Byggeskikk må også få ein sterkare plass i planarbeidet og utforming av nærmiljøet.